

Utkast mandag 1. desember 2014

Arbeidsprogram Kontaktutvalet for E39 Hordfast

Om arbeidsprogrammet

Kontaktutvalet for ny E39 Hordfast er oppretta etter initiativ frå fylkesordførar i konstituerande møte 20. august 2014. I dette møtet vart det m.a. bestemt at AU utformar ein påverknadsplan for arbeidet som vert lagt fram for kontaktutvalet. Denne planen inneheld strategiske milepelar og avgjerder, omtale av interessentar og ei skisse til kommunikasjonsplan. Planen vil bli endra fortløpende etter kvart som det er behov for endringar.

Om kontaktutvalet

Kontaktutvalet skal ha møte etter behov, men minimum to gonger per år. Alt arbeid mellom kontaktutvalsmøta ivaretakast av AU.

Kontaktutvalet består av ordførarane og næringsråda i kommunane i Sunnhordland, og Os og Fusa, samt byråd for byutvikling og miljø i Bergen kommune, Bergen næringsråd, LO, NHO og Hordaland fylkeskommune ved fylkesordførar, leiar for samferdselsutvalet og opposisjonsleiar.

Arbeidsutvalet (AU) blir leia av fylkesordføraren. Dei andre medlemene av AU er ordførarane i Os, Stord og Fitjar, byråd for byutvikling og miljø i Bergen, NHO og LO, samt leiar av samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune. Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune sine representantar på Stortinget samt opposisjonsleiar i fylkestinget er observatørar. Hordaland fylkeskommune ivaretek sekretariatet for kontaktutvalet.

Planprosessen for E39 Hordfast

Prosessen er initiert av samferdselsdepartementet gjennom KVU-utgreiinga for E39 Aksdal-Bergen og gjennom Ferjefri E39-prosjektet i Statens Vegvesen. Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen ga i desember 2013 klarsignal til å starte planprosessen for strekninga ved å gå inn for trasé K4C med kryssing av Bjørnafjorden med bru. Samstundes har departementet gjort vedtak om å nytte statleg plan på kommunedelplannivå for strekninga.

I brev frå Samferdselsdepartementet til Vegdirektoratet 20.12.2013 fekk direktoratet oppdraget med vidare planlegging i saken basert på følgjande premiss:

- *K4C Midtre linje skal legges til grunn for fremtidig E39 mellom Aksdal og Bergen. E39 skal krysse Bjørnafjorden med bru mellom Tysnes og Os.*
- *Prosjektet skal planlegges etter statlig plan etter plan og bygningsloven (pb1) på det nivå der konkrete traser fastsettes, dvs kommunedelplan. Det tas senere stilling til om det også er behov for statlig plan på neste plannivå (reguleringsplan).*
- *Det blir startet planlegging etter pbl i tråd med dette.*
- *Prosessen videre skal legge til rette for å redusere konflikt og uheldige virkninger for natur og kulturminner. Det legges til grunn en god dialog med lokale myndigheter.*

I NTP 2014-2023 omtalast E39 prosjekta. Hordfast omtalast ikkje direkte anna enn at det nemnast at prosjektet skal startast opp når trasevalet føreligg. Det trasevalet blei gjort av samferdsleministeren som nemnt over.

Mål

Hovudmålet med kontaktutvalet er å sikre at kommunar, næringsliv og befolkning i Hordaland og på Vestlandet får den beste og raskaste utbygginga av E39 mellom Bergen og Stavanger, med særleg fokus på strekninga mellom Os og fylkesgrensa til Rogaland. I første fase vil fokus ligge på strekninga Os-Stord, men vil etter kvart og omfatte den vidare strekninga mot fylkesgrensa. I dette ligg rask byggestart og ferdigstilling av prosjekta, at lokale omsyn blir høyrt og ivaretatt og at vegen blir framtidsretta og i samsvar med regionale og kommunale planar.

Delmål for arbeidet i kontaktutvalet er:

1. Sikre raskast mogleg framdrift for ny E39 ved å arbeide for innkorting av planleggingstid
2. Arbeide for å få inn E39 Hordfast inn i NTP 2018-2027 med byggestart tidleg i første periode av handlingsprogrammet. Utvalet skal vidare arbeide for at dette vert følgt opp dei påfølgande statsbudsjetta (st.prp 1)
3. Målbere Hordaland fylkeskommune og kommunanes interesser inn i planprosessane og den statlege reguleringa av strekningane på E39 mellom Bergen og Aksdal.
4. Legge til rette for dialog og samordning av bodskap frå vestlandet slik at vi talar med ei stemme overfor sentrale myndigheter.
5. Forberede finansieringsgrunnlag, inklusiv ein eventuell bompengesøknad.

For å nå desse måla har vi identifisert dei viktigaste milepelane, dei mest sentrale interessentane og kva for tiltak som må til for å nå måla gjennom påverknad og samhandling.

Interessentar og interessentanalyse

Vi identifiserer her dei viktigaste påverknadskjeldene i denne prosessen. Sjå og vedlegg med namneliste inkludert kontaktinformasjon og prioritering.

Interessantar

Storting og Regjering

- Politisk leiing i samferdselsdepartementet
- Administrasjon i samferdselsdepartementet
- Andre departement, særleg Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Stortinget, særleg Transportkomiteen og Hordalandsbenken

Statens vegvesen

- Vegdirektør
- Regionvegsjef
- Prosjektleiar og andre medarbeidarar i planprosjektet

Fylkesmannen og andre statlege etatar

- Fylkesmannen.
- Kystverket
- Forsvaret
- Kulturminnemyndene (inkl fylkeskonservatoren)
- Jernbaneverket der det er aktuelt

Kommunane

- Ordførar
- Kommunestyre

- Administrasjon

Hordaland fylkeskommune

- Fylkesting
- Administrativt med ulike avdelingar/seksjonar som ivaretak ulike sektorinteressar.

Andre

- Transportbransjen
- Miljøvernorganisasjonar
- Lokale interessegrupper som velforeiningar og liknande
- Arbeidslivets organisasjonar: NHO, LO, næringsforeiningane i kommunane
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugalandsrådet
- Rogaland fylkeskommune
- Vestlandsrådet
- Kommunane på Haugalandet, spesielt Haugesund

Interessentanalyse

Dei ulike interessentane har ulike rolle i prosessen fram mot byggestart for prosjektet E39 mellom Os og Stord. Dei to som er mest sentrale gjennom heile prosessen er Samferdselsdepartementet og Statens Vegvesen.

Samferdselsdepartementet har gjennom oppdragsbrevet nemnt over gitt Statens Vegvesen oppdraget med å planlegge vegen. Det er førebels ikkje avklart om det er Samferdselsdepartementet eller Kommunal- og moderniseringsdepartementet som blir plandepartementet, og følgjeleg det departement som vedtek planen og som gjer naudsynte vedtak og avklaringar under vefs i prosessen. Samferdselsdepartementet er likevel viktige fordi det ligg eit potensial for forkorting av prosessen, som må kommuniserast til departementet og vidare til Vegdirektoratet. Vidare er det samferdselsdepartementet som legg fram stortingsmelding om NTP og som har ansvar for oppfølging av NTP.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet er planleggingsdepartementet, og vil difor også vere eit sentralt departementet i prosessen. Miljøverndepartementet vil ivareta interesser knytt til kulturminnevern og miljøspørsmål. Andre departement vil ivareta sektorinteresser i planprosessen, og vil følgjeleg ha betydning for val av løysingar og for framdrift i planprosessen

Stortinget skal vedta Nasjonal transportplan. Kontaktutvalet må ha ein dialog med Hordalandsbenken, særleg under Stortinget si behandling av NTP. Transportkomiteen er særleg viktig, og Hordaland sine representantar i transportkomiteen deltek difor i AU som observatørar.

Ein tett og open dialog med sentrale styresmakter, og særleg Samferdselsdepartementet og Stortinget er følgjeleg avgjande for at kontaktutvalets syn skal nå fram for å påverke det endelege resultatet.

Statens Vegvesen driv fram planprosessen. Det er oppretta ei referansegruppe der dei aktuelle kommunane, fylkeskommunen og fylkesmannen deltek. Planforum er også ein viktig arena for avklaring mellom statlege etatar, fylkeskommunen og kommunane i planprosessen. Planansvarleg i Statens Vegvesen deltek som observatørar i kontaktutvalet. Det er viktig med ein tett og god dialog med både regionkontoret til Statens Vegvesen og til prosjektorganisasjonen. Det kan bli samarbeida om folkemøter og andre medverknadsprosessar under vefs.

Andre statlege etatar skal ivareta sektorinteresser i planarbeidet, og kan få stor betydning for val av løysing for trasear og for framdrift i prosessen. Forsvaret har Bjørnefjorden som eit sentralt øvingsområde, og har store interesser til utforming og til lokalisering av brua over fjorden.

Fylkesmannen har den koordinerande rolla for regionale og statlege planar og må vere informert om dei prosessane vi har. Forankring av lokale og regionale omsyn er svært viktig.

Arbeidslivet sine organisasjonar har vore viktige pådrivarar i arbeidet med ny E39, og vil vere sentrale samarbeidspartar vidare i kontaktutvalet. Kontaktutvalet vil vere ein arena for å koordinere dette arbeidet.

Vestlandsrådet vil kunne spele ei rolle i samband med neste NTP-prosess ved å arbeide for prioritering av heile E39. Det er særleg aktuelt med eit samarbeid med Rogaland fylkeskommune, både når det gjeld prioritering av arbeid med E39 mellom Rogfast/Bokn og Stord, samt for prioritering av traseen mellom Stavanger og Bergen i NTP.

Ei rekke interessentar vil målbere ulike interesser knytt til E39 Hordfast, både for om prosjektet faktisk skal gjennomførast, og ikkje minst knytt til traseval og ulike løysingar lokalt. Det vil særleg vere Statens Vegvesen som vil forholda seg til desse interessentane. Vidare vil dei einiske kommunane bli viktige som samspelorgan for lokale lag og organisasjonar. Fram til traseval er vedteke, vil det truleg vere mange synspunkt på val av trase og på kryssløysingar. Etter at traseen er avklart, er det grunn til å tru at det vil vere andre forhold som står i fokus, slik som avbøtande tiltak, utforming mv.

For kontaktutvalet vil det særleg vere aktuelt å forholda seg til og å delta i den aktuelle debatten rundt prosjektet og å få innspel til kontaktutvalet sitt arbeid. Kontaktutvalet vil kunne ha ei rolle i å avklare interesser og samordne synspunkt, slik at ulike interesser kan ivaretakast på ein best mogleg måte, samstundes som det må arbeidast med at usemje og ulike interesser ikkje fører til utsetjing og stans i planlegging og bygging.


Milepelar

NTP prosessen

Sentrale milepelar i NTP-arbeidet er:

- Oppsummeringsrapport for analyser og utgreiingar for NTP skal vere ferdig til februar 2015. Denne skal ikkje på formell høyring, men vil vere viktige innspel i den vidare debatten, og innhaldet vil kunne gjerast kjent for kontaktutvalet.
- Etatane sitt framlegg til NTP vert lagt fram februar 2016. Det vert truleg formell høyring fram mot sommaren 2016.
- Stortingsmelding om NTP vert lagt fram våren 2017 (februar/mars) med sikte på vedtak i vårsesjonen. Det vil venteleg vere ei høyring i Transportkomiteen i Stortinget.
- Etatane sitt framlegg til handlingsprogram for NTP vert lagt fram våren 2018. Denne vert sendt til formell høyring.

Skissemessig er NTP-prosessen skildra slik:



I tillegg kjem dei årlege statsbudsjetta i oktober kvart år, og revidert statsbudsjett i mai. Statsbudsjetta er likevel av mindre viktigheit i første del, ettersom mesteparten av planarbeidet går via ein samlepott hjå SVV, og ikkje over eiga løyving i statsbudsjettet. Det kan likevel vere behov for å arbeide for planleggingsmidlar og midlar til teknologisk utvikling.

Fram mot februar 2016 er det etatane som utarbeider sine prioriteringar til NTP. I denne fasen er det særleg viktig å arbeide opp mot Vegdirektoratet og det sentrale NTP-sekretariatet slik at prosjektet vert lagt inn i etatsframlegget. Frå vinteren 2016 og fram til Regjeringa legg fram sitt framlegg til NTP,

vil Samferdselsdepartementet vere den sentrale aktøren i arbeidet. Frå høringsframlegget blir lagt ut i februar 2017 og fram til vedtak før sommaren 2017, blir det særleg viktig å arbeide opp mot Stortinget, særleg Transportkomiteen og Hordalandsbenken. Det vil i denne perioden og vere viktig å koordinere uttalene til NTP, både mellom fylkeskommunen og kommunane. Det vil også vere viktig å arbeide opp mot Vestlandsrådet.

Viktige arbeidsmål vil vere:

- Mobilisering av interressentar.
- Arbeide for å få inn E39 Hordfast inn i NTP første periode. Arbeidet må fokusere på direkte påverknad, t.d. gjennom møter med sentrale interressentar, konferansar mv.
- Fortsett fokus på samfunnensnytte av E39 og av fortgang i plan- og utbyggingsprosessen.

Det vil NTP-prosessen vere viktig å sikre at prosjektet får vidare finansiering enten det skjer gjennom eit vegselskap eller det skjer gjennom årlege løyyingar på statsbudsjettet. Det er her viktig å arbeide mot Statens Vegvesen sitt handlingsprogram for NTP som vert lagt fram hausten 2017.

Som ledd i påverknad på NTP-prosessen, kan det arrangerast konferansar knytt til tema for E39. Slike konferansar kan vere:

Fram mot framlegging av etatsframlegget til NTP 2018-27 blir lagt fram hausten 2016:

Hordfast-konferanse mai/juni 2015 i Hordaland. Ev kan dette vere ein felles høringskonferanse med SVV for planprogrammet for E39 Os-Stord..

Føremål: Mobilisere lokale interressentar i arbeidet.

Målgruppe: Regionale og lokale politikarar i Hordaland, samt administrative beslutningstakarar i Hordaland.

Tema: Få fram betydninga av Hordfast og Heiane-Ådland/Nordre Tveita. Presentere mulegheitsstudie for fylkesvegar knytte til E39, prinsippavklaring av finansieringsopplegg for Hordfast.

Eventuelt kan det avhaldast ein konferanse i regi av Vestlandsrådet mai/juni 2015 i Oslo

Føremål: Halde oppe trykket på ferjefri E39 som eit konsept og som ei forsett satsing i neste NTP

Målgruppe: Sentrale beslutningstakarar i Storting, Regjering og vegetatane.

Tema: Utvikling av E39 som transportkorridor. Status for arbeidet med dei viktigaste strekka, og argumentasjon knytt til utvikling av heile korridoren

Høringsperioden til etatsframlegget for NTP 2018-27

Høringskonferanse om Hordfast i Oslo vår 2016.

Føremål: Få prioritert Hordfast i NTP 2018-27.

Målgruppe: Sentrale beslutningstakarar i Storting, Regjering og vegetatane.

Tema: Innhold i høringsfråségn til NTP, samordning av interesser regionalt og verknad av Hordfast med omsyn til transportsystemet og regional utvikling. Ev og gi ein statusrapport for arbeidet med planane E39 Os- Stord og Heiane-Ådland/Nordre Tveita og ev vidare arbeid med E39 vidare mot Stavanger.

Alternativt kan det arrangerast eit møte/lukka konferanse i Os i denne perioden med befaring langsetter traseen med sentrale beslutningstakarar.

Stortingsbehandling

Konferanse om E39 etter at proposisjon om NTP 2018-27 er lagt fram.

Målgruppe: Stortingsrepresentantane i Hordaland og i transportkomiteen.

Tema: Betydninga av E39 både nasjonalt og regionalt, og arbeide for å få prosjekta Hordfast og Heiane-Ådland/Nordre Tveita inn i NTP 2018-27, samt sikre vidare planlegging sørover mot Rogaland.

Det vil i tillegg vere naturleg å delta i komitéhøyring i samferdselskomiteen.

Statleg planprosess

Den statlege planprosessen er ikkje endeleg avklara enno, men viktige milepelar i framdrifta er førebels sett til:

- Høyring planprogram vår 2015.
- Statleg plan på kommunedelplannivå er planlagt lagt ut på høyring i løpet av våren 2016.

- Mogleg byggestart er av Statens Vegvesen sett til tidlegast 2019.

Statens vegvesen tek sikte på at planprogrammet avklare kva for trasear som skal regulerast, samt kva for tema som skal utgreiaast vidare og som skal konsekvensutgreiaast. Val av trase blir fastsett ved behandling av plan på kommunedelplannivå. Dersom ein trase peikar seg ut som den klart mest aktuelle, kan det bli aktuelt å ikkje utarbeide ein plan på kommuneplannivået, men heller utarbeide ein områdereguleringsplan.

Kontaktutvalet har teke opp mulegheit for forkorting av planprosess, m.a. ved å gå direkte på områderegulering etter planprogram. Statens Vegvesen har likevel ikkje fått nokon bestilling knytt til endring av planfasen.

Det er ikkje teke stilling til planprosess med reguleringsplan, KS2 og prosjektering etter planfasen. Samferdselsdepartementet ser på mulegheit for å endre planlegginga i desse fasane, særleg knytt til KS2-ordninga. Dette gjer at kontaktutvalet må arbeide for å få ei rask avklaring av vidare planframdrift. Kontaktutvalet må ha ei viktig rolle i arbeidet med å presse på at nødvendige avgjerder blir teke under vefs av ansvarleg departement, slik at planarbeidet ikkje stoppar opp mellom ulike planfasar grunna manglande avgjerder.

Det er etablert ei ekstern referansegruppe for arbeidet som består av ordførarane i berørte kommunar og fylkesordførar, samt representantar for statlege etatar. Det vert lagt opp til eit møte kvart halvår. Dette vil og vere viktige milepelar i arbeidet, utan at datoar er fastsett enno.

Det skal bli heldt folkemøter i løpet av vinteren 2014/15, der både Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune står som arrangørar. Det vil truleg bli fleire folkemøter og møter med ulike aktørar med synspunkt på traseaval under vefs i prosessen.

Sentrale bodskap i planprogramfasen vil vere:

- Sikre innkorting av planleggingstida.
- Arbeide for god forankring og dialog både med lokale og regionale styresmakter og andre interessentar.
- I høyringa til planprogrammet blir det viktig å sikre at viktige lokale og regionale interesser blir ivaretakne i planarbeidet, slik som tilknytingar på fylkesvegnettet.
- Arbeide for koordinering og for å handtere usemjøe slik at ein kan sikre vidare framdrift.

Planfasen blir frå vår 2015 og fram til og med høyring. Det er usikkert kor lenge planfasen vil vare, men det er lagt opp til at planprogrammet skal på høyring våren 2015. Høyring på planen vil kunne bli i løpet av 2016. I planfasen vil sentrale bodskap kunne vere:

- Fortsatt innkorting av planfasen, særleg knytt til fasane med områderegulering, KS2 og regulering/prosjektering
- Sikre gjennomføring av planprosessen og for at naudsynte avklaringar vert gjort. Det kan vere behov for å arbeide med finansiering inklusiv bompengesøknad.
- Utarbeide argumentasjon om samfunnsmessig betydning av E39 for regional utvikling og for Noreg si konkurranseevne.
- Mobilisering av interessantar.
- Arbeide for koordinering og for å handtere usemjøe slik at ein kan sikre vidare framdrift.

Mogleheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknyting til E39

Hordaland fylkeskommune har starta opp eit arbeid med ein mogleheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknyting til ny E39 Bergen-Fylkesgrensa mot Rogaland. Oppdraget med studien er gitt til Sweco, og skal vere eit grunnlag for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid opp mot statleg plan, særleg når det gjeld konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet med gode tversamband og påkoplingspunkt langs ny E39. Det er lagt opp til at kontaktutvalet vert orientert om arbeidet med denne rapporten, og kan få ei rolle i oppfølginga av rapporten. Rapporten skal ligge føre innan 1. mai 2015.

Bompengesøknad/finansieringsopplegg

Det bør startast opp eit arbeid med grunnlag for ein ny bompengesøknad/finansieringsopplegg med bompengegrunnlag, moglege ferjeavlysingsmidlar, plassering av eventuelle bomstasjonar, koordinering mot eventuelle andre bompengepakker på fylkesvegnettet mv. I første fase bør det

skildrast kva for bompengeprosjekt som er etablert i tilknyting til Hordfast, få oversyn over trafikkgrunnlaget samt få oversyn over ferjeavløysingsmidlar. Dette er eit grunnlag for å finne fram til finansieringsgrunnlag for prosjektet.

Arbeidet med ein eventuell bompengesøknad må sjåast i samanheng med arbeid med nasjonalt bompengeselskap og med nytte vegselskap.

Arbeid i kontaktutvalet

Kontaktutvalet har møte ein gong i halvåret. Det vil kunne vere behov for hyppigare møte ved særleg kritiske punkt for framdrifta, t.d. i samband med høyring av NTP. Det vil kunne vere aktuelt å kombinere arbeidet i kontaktutvalet med konferansar/miniseminar knytt til tema av særleg interesse for arbeidet.

AU har møte etter behov.

Det vil vere behov for å informere om arbeidet i kontaktutvalet og i AU. Sosiale media som Twitter og Facebook vil vere aktuelle for å få ut informasjon. Det kan vurderast om det skal utarbeidast ei nettside og/eller nyheitsbrev for kontaktutvalet. Det kan lagast ei internettseite for kontaktutvalet. Denne kan ligge på området www.hordaland.no. Her bør møtereferat, rapportar, nyhende mv. leggjast ut. Statens Vegvesen har også ei side med løpende informasjon om planarbeidet. Det vil vere naturleg å vise til denne når Statens Vegvesen legg ut sentral informasjon med ev kommentarar frå medlemmar av kontaktutvalet.

Det bør bli utarbeida materiell som presenterer følgjande:

- Kvifor ny E39 Bergen-fylkesgrensa er viktig både nasjonalt og regionalt
- Mulegheiter for utviding av vegsystemet
- Viktigheita av framdrift i prosessen

Dette kan gjerast i form av presentasjonar/animasjonar.

Det må utarbeidast anna presentasjonsmateriell og nettløysing for arbeidet.

Kontaktutvalet kan nytte seg av Hordaland fylkeskommune si rammeavtale for reklamebyråtenester for utarbeiding av materiell.

Mediearbeid

Mediearbeidet vil følge av det andre kommunikasjonsarbeidet som gjerast. Det blir lagt inn i aksjonsplanen dei tiltak vi prioriterer å gjere. På dei enkelte tema/fasane bør det lagast eigne kommunikasjonsplattformer med bodskap og talsperson.

Særleg blir dette viktig i samband med sentrale fasar som framlegging av NTP og behandling av denne i Stortinget, og høyringar i samband med plan for Os-Bergen. Det er aktuelt å utarbeide kronikkar om E39.

Utkast til handlingsprogram

Tema	nov.14	des.14	jan.15	feb.15	mar.15	apr.15	mai.15	jun.15
Statleg planprosess	Møte i ekstern ref.gruppe Dialog om planprogram med sitt innhald.	Planprogram E39 Heiane - Nordre Tveita på høyring		Planprogram E39 Heiane- Nordre Tveita vedtakast	Planprogram sendes på høyring Plan i regional planforum	Oppstart av planarbeid for strekninga Stord – Bokn?	Høyring planprogram Medieutspill om høyrings-uttalene Optimalisering av brutyper ligg føre	Vedtak høyrings-uttaler
Internt/AU/kontaktutval		Møte kontaktutvalet Utarbeiding og forankring av handlingsplan, justering	Etablere nettside				Kontaktutvalet om høyringsuttalane til planprogram	
Arbeid med tilknytingsvegar til E39	Avklaring av leverandør for mogleghetsstudium for tilknytingsvegar for ny E39	Løypemelding kontaktutval			Løypemelding til AU		Rapport leggjast fram	Fylkespolitisk behandling av rapport
Bompengesøknad/fina nsieringsopplegg		Igangsetting av prosjekt	Identifisering av milepelar og fakta-grunnlag					
NTP		St.prp 1 (vedtak)	Oppstart av delprosjekt samfunnsnytte av E39	Analyser og utgreiingar for NTP leggjast fram			Konferanse om E39 i regi av Vestlandsrådet	

Tema	Juli 15	Aug 15	Sept 15	Okt 15	Nov 15	Des 15	Jan 16	Feb 16	Mars 16	April 16
Statleg planprosess			Kommunedel plan E39 Heiane- Nordre Tveita på høyring					Kommunedel plan E39 Heiane- Nordre Tveia til vedtak		Framlegging av planframlegg med KU?
Internt/AU/kontaktutval				Møte kontaktutval						Møte kontaktutval
Arbeid med tilknytingsvegar til E39				Planprogram for regional transportplan (RTP) på høyring		Vedtak av planprogram for RTP				
Bompengesøknaden				Konferanse om finansieringsopplegg?						
NTP			Regional konferanse om E39	St.prp 1 leggjast fram	Framlegging av rapport om samfunnsnytte E39 Hordfast	Vedtak St.prp 1		Etatsforslag framlegging	Høyringskonfe i Oslo om etatsframlegg et	

Tema	Mai 16	Juni 16	Juli 16	Aug 16	Sept 16	Okt 16	Nov 16	Des 16	Jan 17	Feb 17
Statleg planprosess		Høyring planframlegg?			Oversending av plan til departement for vedtak					
Internt/AU/kontaktutval						Møte kontaktutval				
Arbeid med tilknytingsvergar til E39										
Bompenger-søknaden										
NTP		Vedtak i fylkesting/kommunestyre om etatsframlegg			St.prp 1 leggjast fram		Vedtak St.prp 1	Utarbeide medieplan/komm.strat. for NTP-omtalen	Framlegging av St.prp om NTP	

Tema	Mars 17	April 17	Mai 17	Juni 17	Juli 17	Aug 17	Sept 17	Okt 17	Nov 17	Des 17
Statleg planprosess								Reguleringsplan til høyring?		Vedtak reguleringsplan?
Internt/AU/kontaktutval								Møte kontaktutval		
Arbeid med tilknytingsvegar til E39				RTP vedtakast i fylkestinget						
Bompenge-søknaden										
NTP	Konferanse i Oslo om Hordfast. Møte med Hordalandsbenken	Komitehøring i Stortinget		Vedtak av NTP i Stortinget			SSV legg fram etatsframlegg handlingsprogram NTP	St.ppr 1 leggjast fram		Vedtak St.ppr 1 Fylkestinget handsamar etatsframlegg handlingsprogram NTP

Tema	Jan 18	Feb 18	Mars 18	April 18	Mai 18	Juni 18	Juli 18	Aug 18	Sept 18	Okt 18
Statleg planprosess										
Internt/AU/kontaktutval										
Arbeid med tilknytingsvegar til E39										
Bompenger-søknaden										
NTP		SVV legg fram handlingsprogram for NTP								St.prp 1 leggjast fram

Interessentanalyse (namneliste)	Viktighet	Person	Telefon	e-post	Rolle
Statens Vegvesen	1	Terje Moe Gustavsen			Vegdirektør
	1	Helge Eidsnes			Regionvegdirektør
	2	Signe Eikenes			Prosjektleder E39
Fylkesmannen i Hordaland	3	Lars Sponheim			
Vegdirektoratet	2	Lars Aksnes			
Samferdselsdepartementet	1	Ketil Solvik-Olsen			Statsråd
	2	Bård Hoksrud			Statssekretær
	2	Reynir Johannesson			Politisk rådgiver
Statsråder og statssekretærer fra Hordaland	3	Erna Solberg			Statsminister
	3	Monica Mæland			Næringsminister
	5	Amund Drønen Ringdal			Statssekr. Fiskeridep.
	5	Morten Storebø			Politisk rådgiver
	5	Petter Kvinge Tvedt			Politisk rådgiver
Hordalandsbenken på Stortinget	3	Øyvind Halleraker			Utenrikskomiteen
	3	Sigurd Hille			Finanskomiteen
	2	Magne Rommetveit			Transportkomiteen
	3	Knut Arild Hareide			Utenriks- og forsvarskomiteen
	2	Torill Eidsheim			Transportkomiteen

	3	Peter Chr. Frølich			Justiskomiteen
	3	Erik Skutle			Kontroll- og konstitusjonskomiteen
	3	Ruth Grung			Helse og omsorgskomiteen
	3	Terje Breivik			Finanskomiteen
	3	Ove Trellevik			Næringskomiteen
	3	Gjermund Hageseter			Finanskomiteen
	2/3	Helge André Njåstad			Kommunalkomiteen
	3	Per-Rune Henriksen			Energi- og miljøkomiteen
	3	Jette Christensen			Kontroll- og konstitusjonskomiteen
	3	Audun Lysbakken			Helse og omsorgskomiteen
	3	Kjersti Toppe			Helse og omsorgskomiteen
Sentrale personer stortinget	2	Linda Hofstad Helleland			Leder transportkomiteen
	5	Jonas Gahr Støre			Partileder AP
	5	Trine Skei Grande			Partileder Venstre